

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-124  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
061/21	Alver formannskap	10.06.2021
077/21	Alver kommunestyre	24.06.2021

### Økonomiske måltal og handlingsreglar Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar følgjande langsiktige økonomiske måltal for Alver kommune:

Område	Langsiktig mål
Netto driftsresultat	3 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 90%

Dei årlige måltala vedtakast i samband med økonomiplan. Dei langsiktige økonomiske måltala skal vere oppnådd innan 2027.

2. Følgjande handlingsreglar vert vedtatt:
  - a. For å sikre at budsjett og økonomiplan er realistiske skal det ikkje budsjetterast med uspesifiserte innsparingar på organisasjonsnivå. Alle innsparingar skal som minimum spesifiserast per sektor og per tenesteområde.
  - b. Dersom netto rentebærende gjeld er over 90% av frie inntekter skal det ikkje startast opp nye større generelle investeringar som krev nye låneopptak. Unntaket er investeringar knytt til vatn og avløp, og eventuelle andre sjølvfinansierande investeringar. Pågåande investeringar skal ferdigstillast. Mindre investeringar knytt til effektivisering/ kvalitetsheving av drift kan vurderast lånefinansierast. Elles skal nye investeringar fullt ut eigenfinansierast.
  - c. Når rekneskapen for Alver synar eit økonomisk mindreforbruk, skal mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Dette gjeld for rapportering per 1 og 2. tertialrapport, samt ved handsaming av årsrekneskapen. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal først skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

### Alver formannskap 10.06.2021:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## FO- 061/21 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar følgjande langsiktige økonomiske måltal for Alver kommune:

Område	Langsiktig mål
Netto driftsresultat	3 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 90%

Dei årlige måltala vedtakast i samband med økonomiplan. Dei langsiktige økonomiske måltala skal vere oppnådd innan 2027.

2. Følgjande handlingsreglar vert vedtatt:
  - a. For å sikre at budsjett og økonomiplan er realistiske skal det ikkje budsjetterast med uspesifiserte innsparingar på organisasjonsnivå. Alle innsparingar skal som minimum spesifiserast per sektor og per tenesteområde.
  - b. Dersom netto rentebærende gjeld er over 90% av frie inntekter skal det ikkje startast opp nye større generelle investeringar som krev nye låneopptak. Unntaket er investeringar knytt til vatn og avløp, og eventuelle andre sjølvfinansierande investeringar. Pågåande investeringar skal ferdigstillast. Mindre investeringar knytt til effektivisering/ kvalitetsheving av drift kan vurderast lånefinansierast. Elles skal nye investeringar fullt ut eigenfinansierast.
  - c. Når rekneskapen for Alver synar eit økonomisk mindreforbruk, skal mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Dette gjeld for rapportering per 1 og 2. tertialrapport, samt ved handsaming av årsrekneskapen. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal først skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

## Alver kommunestyre 24.06.2021:

### Handsaming:

Orientering ved økonomisjef Janne sund (sak 77/21 og 78/21)

### Framlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved T.Larsen-H:

Som innstilling med følgjande endringar:

Langsiktig mål om netto rentebærende gjeld endres fra 90% til 100%

Punkt C i handlingsregel endres til: Når rekneskapen for Alver synar eit samla økonomisk mindreforbruk etter justeringer per 1. og 2. tertial eller ved årsslutt, skal det samla mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal som hovudregel skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

Framlegget vart vedteke med 42 røyster (mot A.Nordlund-SV, M.F.Greve-MDG, L.Johnsen-MDG og H.Weber-R) Innstillinga frå formannskapet fekk 4 røyster og fall (A.Nordlund-SV, M.F.Greve-MDG, L.Johnsen-MDG og H.Weber-R)

## KO- 077/21 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar følgjande langsiktige økonomiske måltal for Alver kommune:

Område	Langsiktig mål
Netto driftsresultat	3 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 90%

Langsiktig mål om netto rentebærende gjeld endres fra 90% til 100%

Dei årlige måltala vedtakast i samband med økonomiplan. Dei langsiktige økonomiske måltala skal vere oppnådd innan 2027.

2. Følgjande handlingsreglar vert vedtatt:
  - a. For å sikre at budsjett og økonomiplan er realistiske skal det ikkje budsjetterast med uspesifiserte innsparingar på organisasjonsnivå. Alle innsparingar skal som minimum spesifiserast per sektor og per tenesteområde.
  - b. Dersom netto rentebærende gjeld er over 90% av frie inntekter skal det ikkje startast opp nye større generelle investeringar som krev nye låneopptak. Unntaket er investeringar knytt til vatn og avløp, og eventuelle andre sjølvfinansierande investeringar. Pågåande investeringar skal ferdigstillast. Mindre investeringar knytt til effektivisering/ kvalitetsheving av drift kan vurderast lånefinansierast. Elles skal nye investeringar fullt ut eigenfinansierast.
  - c. Når rekneskapan for Alver synar eit samla økonomisk mindreforbruk etter justeringer per 1. og 2. tertial eller ved årsslutt, skal det samla mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal som hovudregel skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saksutgreiing:

Den nye kommunelova inneheld ein lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunens økonomi. Ny kommunelov inneheld ikkje klare føringar til kva måltal som skal nyttast, og kommunen må sjølv definere gode og relevante måltal. Måltala skal bidra til å synleggjere økonomiske prioriteringar på ein enkel og lettfatteleg måte.

Frå intensjonsavtalen av 8.juni 2016 for den nye kommunen kjem følgjande visjon fram: «Alver kommune skal være ein heilskapeleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ei region med sterk vekst og utvikling.» Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterkare for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane kvar for seg. For å få til dette, er det avgjerande at Alver kommune på sikt har ein berekraftig økonomi.

For å klare å styre Alver kommune inn mot eit berekraftig økonomisk nivå må vi ha tydelege mål å jobbe mot. Måla skal på sikt sikre kommunen naudsynt økonomisk handlefridom til å handtere framtidig trong for tenester, og ha reserver til å handtere ein uføresettt auke i utgifter eller reduksjon i inntekter samt sikre gjennomføring av strategiske satsingsområder.

Den økonomiske situasjonen til Alver kommune er krevjande og det er avgjerande at vi i den kommande økonomiplanperioden 2021-2024 klarer å gjennomføre betydelege innsparingstiltak for å nærme oss dei økonomiske måltala.

Måltala som vert vedteke for Alver kommune er mål vi må jobbe systematisk for å oppnå, og dei økonomiske

handlingsreglane er verkemidlar for å bidra til at vi på sikt skal klare å oppnå måla.

Alver kommune bør ha måltal for følgjande område:

- Netto driftsresultat
- Storleik på disposisjonsfond
- Netto renteberande gjeld med renteeksponering i prosent av frie inntekter

Alver kommune bør ha økonomiske handlingsregler for følgjande områder:

- Reglar for budsjetterte innsparingar
- Reglar for nye investeringar og låneopptak
- Reglar for når eit økonomisk mindreforbruk eit år skal kunne disponerast

### Måltal og handlingsregler gjeld for Alver kommune:

I det følgjande vert nøkkeltala nærmare omtalt. Hensikta med økonomiske handlingsreglar og nøkkeltal er mellom anna å sikre ein langsiktig og strategisk styring av Alver kommune.

#### Netto driftsresultat:

Område	Langsiktig mål	Resultat 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025
Netto driftsresultat	3 %	0,4 %	-1,1 %	0,1 %	0,6 %	1,9 %	2,4 %

Netto driftsresultat viser kva overskot kommunen sitter igjen med etter at ordinære driftsutgifter, netto renteutgifter og avdragsutgifter er trekt frå kommunen sine ordinære driftsinntekter.

Driftsinntekter
- driftsutgifter (lønn og varer/tenester)
- renter og avdrag
= netto driftsresultat

Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsetjast til seinare bruk, og gir dermed en indikasjon på kommunens økonomiske handlefridom.

Kommunane er anbefalt å ha eit netto driftsresultat på minimum 1,75%, og kommunar med høge ekstraintekter som på sikt kan vere usikre vert anbefalt å ha eit høgare netto driftsresultat. Det same gjeld dersom ein kommune av andre grunnar har høgare risiko for uforutsett og plutsleg auke i utgifter eller bortfall av inntekter enn det som er vanleg for ein kommune.

Alver kommune har høge ekstraintekter, over 130 mill. kr knytt til tidlegare eigedomsskatt frå verk og bruk. Denne inntekta utgjer 6,7% av dei frie inntektene og vert i dag nytta i sin heilskap i drift.

Eigedomsskatt frå tidligere verk og bruk skal fasast ut med ein sjuendedel kvart år fram til og med 2024 og er erstatta av ei kompensasjonsordning. Kompensasjonen vart ved innføringa i 2017 fastsett til å skulle vere på kr 500 mill per år ved full effekt i 2025. I framlegget til statsbudsjettet for 2021 er kompensasjonsordninga redusert til maksimalt kr 300 mill, og må kunne seiast å vere under press. Alver er kommunen med desidert størst kompensasjon, med meir enn dobbelt så mye som Tysvær, som får nest mest. I 2019 fekk Alver (Lindås) 26% av dei totale kompensasjonsmidlane medan andelen i 2024 vil vere 39%. I framlegget til statsbudsjettet for 2021 er innstramminga begrunna slik:

«Som et utgangspunkt bør ikke staten kompensere enkeltkommuner for endringer i skattereglene når skatten er en frivillig, lokal skatt. Etter en samlet vurdering foreslår regjeringen å redusere den samlede kompensasjonen til 300 mill. kroner. For 2021 innebærer det at kompensasjonen trappes opp med 31,4 mill. kroner. Med videre årlig opptrapping med samme beløp i perioden 2022–2025, vil samlet kompensasjon i 2025 utgjøre 300 mill. kroner.»

På sikt bør Alver kommune ha som målsetnad å oppnå 3% i netto driftsresultat.

### Disposisjonsfond:

Område	Langsiktig mål	Resultat 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %	14,0 %	11,7 %	11,7 %	12,6 %	14,8 %	17,7 %

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts – eller investeringsutgifter. Det er ikkje gitt eit klart anbefalt måltal for størrelsen på disposisjonsfond i ein kommune, men størrelsen på fondet bør reflektere den risiko kommunen er utsett for. Risiko kan mellom anna være knytt til usikre inntekter, uventa renteauke, driftsutfordringar eller innsparingar som er planlagt gjennomført fram i tid. Alver kommune mottar kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt for produksjonsutstyr (tidligere verk og bruk) gjennom rammetilskotet. For å sikre at en endring i regelverk eller lågare kompensasjon på kort sikt ikkje skal føre til uønskt kutt og konsekvensar for drifta, må det være avsett midlar på disposisjonsfond. For Alver kommune bør disposisjonsfondet samla være på 15% av dei generelle driftsinntektene. I kroner utgjør det ei avsetjing til disposisjonsfond på om lag 300 mill. kr. Status per 1. tertial 2021 er:

Disposisjonsfond	2021
<b>Fond langsiktig plassering:</b>	
Fond for svingninger i langsiktig plassering	20 000
Langsiktig plasserte midlar	100 000
<b>Sum fond langsiktig plassering per 31.12</b>	<b>120 000</b>
<b>Ordinære disp.fond</b>	
Generelt disp.fond 01.01	137 133
Vedtatt bruk/ avsetnad budsjett	-32 078
Avsetning - framlegg 1. tertialrapport	2 798
<b>Sum generelt disposisjonsfond per 31.12</b>	<b>107 853</b>
<b>Sum disposisjonsfond totalt</b>	<b>227 853</b>

### Netto renteberande gjeld i prosent av frie inntekter:

Eit langsiktig mål for Alver kommune bør vere at netto renteberande gjeld ikkje overstig 90% av Alver sine frie inntekter. Alver kommune har definert netto renteberande gjeld som all langsiktig gjeld med frådrag av utlån og lån til sjølvkostfinansierte investeringar innan vatn og avlaup (VA). Lån til VA-investeringar er sett lik bokført verdi av anleggsmidlar knytt til sjølvkostområda for vatn og avlaup. I utrekninga av netto renteberande gjeld har vi forutset at VA-området er 100% lånefinansiert, og at årlege avdrag til dette området er lik dei årlege avskrivingsane på VA-investeringane.

Netto renteberande gjeld er gjeld på generelle investeringar (gjeld knytt til vatn og avløp er med andre ord ikkje med) minus pensjonsforpliktingar. Det er ikkje eit konkret anbefalt måltal for netto renteberande gjeld, men sunn drift av kommunen betyr at nettogjelda er mindre enn kommunens årlege driftsinntekter.

Alver kommune har høg gjeld og relativ lav vekst i frie inntekter. Framtidig investeringsnivå bør derfor haldast på eit minimum frem til lånegjelda er i samsvar med målalet kommunestyret vedtar.

For Alver kommune skal netto renteberande gjeld på sikt ikkje være over 90% av de frie inntektene. Dette vil gjere at renter og avdrag ikkje ligg for stort press på driftsbudsjettet og gjer at vi må gjennomføre innsparingar for å finansiere auke i renter og avdrag.

*tal i 1000 kr*

Netto renteberande gjeld	Rekneskap 31.12.2020
Langsiktig gjeld	3 367 926
Utlån formidlingslån	-332 481
Utlån egne midlar	-48 727
Lån til VA-investeringar finansiert med gebyrinntekter	-801 203
<b>Sum netto lånegjeld</b>	<b>2 185 515</b>
<b>Netto renteberande gjeld i % av frie inntekter</b>	<b>124 %</b>

Tabellen viser at netto renteberende gjeld utgjør 124% av frie inntekter, og er såleis 34% over mål-talet på 90%. Dette utgjør om lag 600 mill. kr høgare gjeld enn måltalet.

Det vart betalt 62 mill. kr i avdrag i 2020 knytt til låneopptak på dei generelle investeringane. Med same avdragsprofil (utan nye låneopptak), korrigert for auke i rammetilskot knytt til lønns og prisstigning, vil det ta om lag 8-10 år før Alver kommune når måltalet på 90% netto rentebærende gjeld. Dersom det blir iverksett andre tiltak, som til dømes nedbetaling av gjeld, vil Alver kommune kunne oppnå måltalet tidligare.